



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	26.09.2024
Møtetid:	15:00 - -22:25
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer Myklebusthaug	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Frank Erik Øksnes	medlem	INP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Oskar Nordgard	MEDL	H

Morten Sognnes

ORD

H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Magnus Kvingedal	Morten Sognnes	H	
Odd-Marthin Totland	Oskar Nordgard	H	
Kristian Semmingsen Lerøy		AP	

Kristian Semmingsen Lerøy (Ap) var vara for partifelle Reidar Ulvøy under work-shopen med Asplan Viak, frå klokka 15 til 18. Reidar Ulvøy var på plass frå 18, då den politiske handsaminga starta,

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 72/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 26. september 2024	
PS 73/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 20. juni 2024	
PS 74/2024	Referatsaker til kommunestyremøtet 26. september 2024	
OS 8/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 26.9.2024	
PS 75/2024	Tertialrapportering 2. tertial med budsjettjustering august 2024	
PS 76/2024	Garanti Austrheim kommunale eigedomsselskap	
PS 77/2024	Etablering av retningslinjer for oppretting av næringsfond	
PS 78/2024	Ny samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og kommunane om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2025-2028	
PS 79/2024	Deltaking i forsøk med startlån til førstegongsetablerarar	
PS 80/2024	Videoovervakning kommunale bygg	
PS 81/2024	Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032	
PS 82/2024	Godkjenning av Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune	
PS 83/2024	Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase	
PS 84/2024	Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet - andre handsamingsrunde	
PS 85/2024	Alkoholpolitisk plan 2024-2028 - etter høyring	

PS 86/2024	Oppdatering og revidering av politisk delegeringsreglement for Austrheim kommune 2024-2027
PS 87/2024	Val av valstyre - stortings- og sametingsvalet 2025
PS 88/2024	Austrheim kontrollutval si årsmelding
RS 41/2024	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) - Møteprotokoll 04.09.24
RS 42/2024	Levekårsutvalet 26. august 2024 - møteprotokoll
RS 43/2024	Referat Strategisk samarbeidsutvalg i helsefellesskapet - 31. mai 2024
RS 44/2024	Høyringsuttale - «Forslag til nye statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet»
RS 45/2024	Referat Områdeutvalet for Nordhordland (OUNH) i helsefellesskapet - fredag 19. april 2024
RS 46/2024	Protokoll 4-2024 Regionrådet Nordhordland fredag 31. mai 2024

PS 72/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 26. september 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 72/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 26. september 2024:

Varaordfører Per Lerøy (Ap) fungerte som ordfører i dette møtet, sidan ordfører Morten Sognnes (H) hadde forfall.

Hege Ramsland (H) vart vald som varaordfører i dette møtet.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om at når kommunestyremøta skal starta klokka 15.00 for å bli tidlegare ferdig, så bør ein ikkje ha workshop frå 15.00 til 18.00, men heller ha dette som eit eige møte. Dette sa ordfører Per Lerøy (Ap) seg samd i.

Ordfører Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 72/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 26. september 2024:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 73/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 20. juni 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret 20. juni 2024 vert godkjent.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 73/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 20. juni 2024:

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 73/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 20. juni 2024:

Møteprotokollen frå kommunestyret 20. juni 2024 vert godkjent.

PS 74/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 26. september 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 74/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 26. september 2024:

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) viste til referatet frå møte i Regionrådet, og spurte om kvifor Austrheim skal vera i fortettingssone raud. Her svara Per Lerøy (Ap) at regionrådet har kommentert at det er unaturleg at andre deler enn Knarvik og Frekhaug er i raud sone. Å vera i raud sone kan gjera det vanskeleg å bygga bustader, og kommunen bør vera i gul sone.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 74/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 26. september 2024:

Referatsakene vert teke til vitande.

OS 8/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 26.9.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 8/2024 Orienteringar frå
kommunedirektøren - KS 26.9.2024:

Orienteringar til kommunestyret:

- Orientering frå Bergen og Omland friluftsråd (BOF), ved dagleg leiar Dag Seter
 - Reidar Øksnes (Sp) takka for at den frivillige innsatsen vart vektlagt av BOF.
 - Per Lerøy (Ap) takka for tilrettelegginga med padlehuk på Sauøy, og oppmoda samstundes til å få til eit samarbeid mellom kommunen og BOF om tilrettelegging i Hoplandsmarka ved kvernhusa, der kommunen har overteke eit nedlagt sagbruk som kommunen ønskjer å utvikla til ei uthamn.
- Orientering frå leiar i Kontrollutvalet Jan-Erik Espelid, gjennomgang av arbeidet i 2023 (utsett frå juni-møtet)
 - Handsama også sak 88/2024 - Austrheim kontrollutval si årsmelding i samband med orienteringa, og gjorde vedtak i den saka.
- Orientering frå Nav om kostnadsutvikling, ved Knut T. Horvei
 - Per Lerøy (Ap) takka for orienteringa, og sa at det er bra å ha eit NAV-kontor som fungerer, og som er såpass lokalt, om det så er på andre sida av Fensfjorden.
 - Reidar Ulvøy (Ap) spurte om det er mogleg å få til eit arbeidstilbod til ungdommar ned i 16 års-alderen, til dømes gjennom kvalifiseringsprogrammet, slik at dei kan bruka ulikt enkelt elektrisk verktøy. Her svara Knut T. Horvei at kvalifiseringsprogrammet er avgrensa frå 18 år og oppover. Men UngdomsLos-tilbodet og JobbMot er tilbod Nav har til denne aldersgruppa, for å skapa kontakt mellom ungdommane og arbeidsgjevarar.
 - Per Lerøy (Ap) spurte om korleis næringslivet lokalt har svara på kvalifiseringsprogrammet. Knut T. Horvei svara at det lokale næringslivet er positive til å ta inn ungdommar.
- Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om status for investeringsprosjekt.
- Orienteringa om studietur til Sveits i samband med kjernekraft vart utsett til oktober-møtet, sidan ordførar som deltok på turen hadde forfall til kommunestyret.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 8/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 26.9.2024:

Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

PS 75/2024 Tertialrapportering 2. tertial med budsjettjustering august 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for andre tertial til vitende.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 5,5 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar inntektsbudsjettet med tilsvarende beløp med å auka skatteanslag.
3. Kommunestyret godkjenner eit redusert lånehov på 2 383 842 som flg. av auka tilskott til prosjekt K90056 Omsorgsbustader rus/psykiatri

Handsaming i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 66/2024 Tertialrapportering 2. tertial med budsjettjustering august 2024:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 66/2024 Tertialrapportering 2. tertial med budsjettjustering august 2024:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for andre tertial til vitende.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 5,5 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar inntektsbudsjettet med tilsvarende beløp med å auka skatteanslag.

3. Kommunestyret godkjenner eit redusert lånehov på 2 383 842 som flg. av auka tilskott til prosjekt K90056 Omsorgsbustader rus/psykiatri

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 75/2024 Tertialrapportering 2. tertial med budsjettjustering august 2024:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Aslak Bakke (H) spurte om støtta kommunen får til leige av bustader til flyktningar, og om korleis ROP-bustadene skal brukast, med tanke på kvar brukarane kjem frå. Her svara Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes at kommunen til del leiger inn bustader for summar langt over det som den som bur der klarer å betala, så her er det ein minus. Når det gjeld ROP-bustadene gav Dommersnes ordet til kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy, som sa at dette er bustader som skal brukast av personar med heildøgns omsorg. Det vert gjort ei grundig tverrfagleg vurdering før nokon får vedtak om at dei kan bu i desse bustadene. Har lært av Alver sitt bustadkontor for å sjå kven som skal bu i desse bustadene.

Terje Håland (Ap) sa at det var ein ryddig og grei gjennomgang. Håland hadde spørsmål om renter og renteutgifter, og spurte kva som er smertepunktet for rente om kommunen skal investera i eit nytt helse- og velferdstun. Her svara Dommersnes at låneopptak på 180 millionar til eit helse- og velferdstun vil gje 5 millionar i ekstra utgifter, som må dekkast av andre felt.

Reidar Ulvøy (Ap) viste til auka kostnader til bustader og sosiale utgifter. Ulvøy ba om at ein gjer ein stresstest av økonomien og ser på kva som er konsekvensane av eit låneopptak til helse- og velferdstun. Dommersnes svara at 2025 ser OK ut, men 2026 er verre på grunn av at det vert trekt tilbake midlar frå staten.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at det vart sett av midlar til førebyggjande tiltak, og ba om at det vart sett opp ein workshop der ein kan sjå på ulike tiltak. Øksnes sa at ein tidleg innsats kan redusera behovet for hjelp til livsopphald seinare. Øksnes sa vidare at det er viktig med ei avgjerd for eit helse- og velferdstun, slik at dei som jobbar med dette veit korleis det vert framover. Per Lerøy (Ap) kommenterte at kommunen gjer mykje for ungdommane, og at idrettslaget gjer mykje i barne- og ungdomsarbeidet, og kan trekkast inn meir også.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at ein må kopla på Sanitetsforeininga også, for dei eldre gruppene. Her kommenterte Per Lerøy (Ap) at heile den frivillige sektoren, og dei politiske partia, må trekkast med i ein slik workshop som Reidar Øksnes ba om.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 75/2024 Tertialrapportering 2. tertial med budsjettjustering august 2024:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for andre tertial til vitende.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 5,5 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar inntektsbudsjettet med tilsvarande beløp med å auka skatteanslag.
3. Kommunestyret godkjenner eit redusert lånehov på 2 383 842 som flg. av auka tilskott til prosjekt K90056 Omsorgsbustader rus/psykiatri

PS 76/2024 Garanti Austrheim kommunale eidegdomsselskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Austrheim Kommune innvilgar Austrheim kommunale eidegdomsselskap AS (AKE) ein sjølvskuldnargaranti på kroner 3 587 500,- som tryggleik for lån.
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol maks kroner 3 587 5000,- med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle på løypte renter og omkostningar. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga kr 3 587 500 + 10 %, totalt kr 3 946 250,-.
3. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 38 år.
4. Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyrer etter 38 år med tillegg på 2 år, jfr. garantiforskrifta sin paragraf 3.
5. Garantien må godkjennast av Statsforvaltaren før den er endeleg, jfr. kommunelova § 14. (Statsforvalteren si godkjenning krevst kun for garantiar som overstig kommunen si beløpsgrense for godkjenning av garantiar).

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap, saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Austrheim kommunale eidegdomsselskap AS søker om at Austrheim kommune stiller med garanti for lån ved kjøp 1 bustader i Mastreviktunet. Totalt lånebeløp er 3 587 500 ,- Lånet vert teke opp i KLP.

Saksopplysningar

Bakgrunn

I vedtektene til Austrheim kommunale eidegdomsselskap står det i §3. Selskapet skal ha som sitt hovudføremål å leige ut omsorgs- og kommunale utleigebustader til brukarar som Austrheim kommune har eit særskilt ansvar for, herunder brukarar som har vanskar med å

skaffe seg bustad i den private marknaden eller har særskilt behov for omsorgsbustad. Dette skal selskapet oppnå ved å eige, kjøpe og selje eigedomar til bustadføremål, samt bygge ut, drifte og vedlikehalde eigedomar til bustadføremål til denne brukargruppa. Selskapet kan også bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte andre eigedomar som skal nyttast til kommunale eller andre offentlege føremål. Selskapet kan også gjennomføre dette ved utleige av eigedom til Austrheim Kommune. Selskapet skal ikkje ha føremål å drive kommersiell verksemd. Dei er nå i ein posisjon kor dei ynskjer å kjøpe Breivikhaugen (nr 6 og nr 8), betalinga for desse bustadene vil skje gjennom opptak av lån i KLP som krev av kommune stiller som garantist

Vurdering

Det kan gjevast to ulike typar garantiar; Sempel garanti og sjølvskuldnargaranti. Ulikskapen på ein simpel garanti og ein sjølvskuldnargaranti er som følgjer: Ein simpel garanti trer fyrst i kraft når låntakar ikkje greier å oppfylle betalingsforpliktingane sine, og det ikkje er funnen dekning i deira eignelutar. Ved ein sjølvskuldnargaranti kan långjevar velje å krevje dekning frå garantisten ved fyrste misleghald av lånet. Dette kan skje sjølv om det er gode moglegheiter for dekning hjå låntakar på sikt. Dette er ei stor føremon for banken. Samstundes medfører det større risiko for garantisten, som risikerer å stå ansvarleg for heile lånet ved mislighald. Vilråa vil vere ulike for dei to typane garantiar. Då risikoen vurderast som høgare ved ein simpel garanti speglar det att i lånet sine vilkår. Ved ein sjølvskuldnargaranti vert risikoen vurdert som lågare, og vi kan få betre rentevilkår enn ved simpel garanti.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at det vert gjeve ein sjølvskuldnargaranti til Austrheim kommunale eigedomsselskap for at dei kan kjøpe 1 leilegheit i Mastreviktunet

Vedlegg

- 1 Protokoll styremøte 2- 24 AKE

Handsaming i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 67/2024 Garanti Austrheim kommunale eigedomsselskap:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 67/2024 Garanti Austrheim kommunale eieendomsselskap:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunedirektøren rår til at det vert gjeve ein sjølvskuldnargaranti til Austrheim kommunale eieendomsselskap for at dei kan kjøpe 1 leilegheit i Mastreviktunet

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 76/2024 Garanti Austrheim kommunale eigedomsselskap:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 76/2024 Garanti Austrheim kommunale eigedomsselskap:

Kommunedirektøren rår til at det vert gjeve ein sjølvskuldnargaranti til Austrheim kommunale eigedomsselskap for at dei kan kjøpe 1 leilegheit i Mastreviktunet

PS 77/2024 Etablering av retningslinjer for oppretting av næringsfond

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunedirektøren tilrår at det blir oppretta ei politisk arbeidsgruppe på 4 personar.

Kommunedirektøren oppnemnar sekretær for arbeidsgruppa.

Følgjande vert vald til arbeidsgruppa:

a....

b....

c....

d....

2. Arbeidsgruppa får i mandat å utarbeida retningslinjer for oppretting og kriterie for næringsfond.

3. Arbeidsgruppa legg fram retningslinjer og kriterie for kommunestyret i desember 2024.

Handsaming i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 68/2024 Etablering av retningslinjer for oppretting av næringsfond:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) kom med framlegg til medlemmer

- Eit medlem frå landbruksfagrådet
- Kjetil Kalgraff, fiskar
- Kristoffer Myklebusthaug (H)
- Per Lerøy (Ap)
- Morten Sognnes (H)

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at dei vil komma med framlegg til medlemmer til kommunestyret.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at arbeidsgruppa kan ha fleire enn 4 medlemmer i gruppa, om det gjer kabalen lettare.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Per Lerøy sitt framlegg til vedtak, med moglegheit for å komma med nye innspel fram til kommunestyret 26. september.

Vedtak i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 68/2024 Etablering av retningslinjer for oppretting av næringsfond:

Fungerande ordfører Per Lerøy (Ap) kom med framlegg til desse medlemmene:

- Eit medlem frå landbruksfagrådet
- Kjetil Kalgraff, fiskar
- Kristoffer Myklebusthaug (H)
- Per Lerøy (Ap)
- Morten Sognnes (H)

Det vert jobba med medlemmer til gruppa fram til kommunestyret 26. september.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 77/2024 Etablering av retningslinjer for oppretting av næringsfond:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Etter diskusjon i kommunestyret vart det gjort to endringar frå framlegget frå formannskapet:

"Eit medlem frå landbruksfagrådet" vart endra til "Leiar i landbruksfagrådet"
Morten Sognnes (H) vart endra til "Ordførar"

Og det kom eit tillegg på lista over medlemmer:

Renee Semmingsen (Samlingslista)

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte nytt framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 77/2024 Etablering av retningslinjer for oppretting av næringsfond:

Fellesframlegg i kommunestyret 26. september:

1. Det blir oppretta ei politisk arbeidsgruppe for oppretting av næringsfond. Kommunedirektøren oppnemner sekretær.

Medlemmer i arbeidsgruppa:

- Leiar i landbruksfagrådet
- Kjetil Kalgraff, fiskar
- Kristoffer Myklebusthaug (H)
- Per Lerøy (Ap)
- Ordførar
- Renee Semmingsen (Samlingslista)

2. Arbeidsgruppa får i mandat å utarbeida retningslinjer for oppretting og kriterie for næringsfond.

3. Arbeidsgruppa legg fram retningslinjer og kriterie for kommunestyret i desember 2024.

PS 78/2024 Ny samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og kommunane om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2025-2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vedtek å inngå ny samarbeidsavtale om Invest in Bergen og Etablerersenteret frå 01.01.2025-31.12.2028.

Handsaming i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 69/2024 Ny samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og kommunane om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2025-2028:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 69/2024 Ny samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og kommunane om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2025-2028:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Austrheim kommune vedtek å inngå ny samarbeidsavtale om Invest in Bergen og Etablerersenteret frå 01.01.2025-31.12.2028.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 78/2024 Ny samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og kommunane om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2025-2028:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 78/2024 Ny samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og kommunane om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2025-2028:

Austrheim kommune vedtek å inngå ny samarbeidsavtale om Invest in Bergen og Etablerersenteret frå 01.01.2025-31.12.2028.

PS 79/2024 Deltaking i forsøk med startlån til førstegongsetablerarar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune ønskjer å låna inn 10 millionar kroner til den nye ordninga med startlån til førstegongsetablerarar. Lånesummen skal leggst inn i handlings- og økonomiplanen.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 79/2024 Deltaking i forsøk med startlån til førstegongsetablerarar:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Monika Thorpe (Ap) spurte om korleis dette skal formidlast til brukargruppene, Tjore svara at ein vil bruka dei vanlege kanalane, som nettsida/annonse/Facebook, samt at dei folkevalde må formidla dette.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 79/2024 Deltaking i forsøk med startlån til førstegongsetablerarar:

Austrheim kommune ønskjer å låna inn 10 millionar kroner til den nye ordninga med startlån til førstegongsetablerarar. Lånesummen skal leggst inn i handlings- og økonomiplanen.

PS 80/2024 Videoovervakning kommunale bygg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

1. Austrheim kommunestyre seier prinsipielt ja innføring av videoovervakning av utvalde kommunale bygg, som eit preventivt tiltak mot ein aukande hærverk-trend i tråd med saksutgreiinga.

Alternativ 2:

2. Austrheim kommunestyre seier prinsipielt nei til at det skal vere videoovervakning ved kommunale bygg.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 80/2024 Videoovervakning kommunale bygg:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ingeborg Lohne Hordvik (Samlingslista) ba om at dette vart innført i ein prøveperiode på eitt år, med evaluering etter eitt år.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt alternativ 1 til vedtak, med tillegg om prøveperiode på eitt år

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 80/2024 Videoovervakning kommunale bygg:

Austrheim kommunestyre seier prinsipielt ja innføring av videoovervakning av utvalde kommunale bygg, som eit preventivt tiltak mot ein aukande hærverk-trend i tråd med saksutgreiinga. Dette vert innført i ein prøveperiode på eitt år, med evaluering etter eitt år.

PS 81/2024 Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplanen for naturmangfald i Austrheim kommune med handlingsdel datert den 28. august 2024 vert godkjent. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

Handsaming i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 61/2024 Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 61/2024 Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret: Kommunedelplanen for naturmangfald i Austrheim kommune med handlingsdel datert den 28. august 2024 vert godkjent. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 81/2024 Godkjenning av
Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Aslak Andre Bakke (H) la fram eit framlegg på vegner av Høgre, Ap og INP.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han ikkje heilt ser vinklinga frå framlegget frå Ap/H/INP, og sa at dette er ein plan for artsmangfald som ikkje vil vera i strid med næringsutvikling.

Per Lerøy (Ap) grunngav utsetjingsframlegget med at det er innhald i planen som ikkje er korrekt, og som kan hindra utvikling i kommunen framover. Det står i planen at det er press på strandsona og sjøareal, men Austrheim er av Statsforvaltar plassert i sone tre med lite press på strandsona. Erfaringa frå tidlegare forhandlingar med Statsforvaltar viser at formuleringar som er i denne planen vil gjera det vanskeleg å få til utvikling i kommunen. Kan berre beklaga at ein ikkje har lese denne planen godt nok då den var på høyring, men ber no om at den vert utsett ein månads tid og vaska, før ein kan få den vedtatt.

Reidar Øksnes (Sp) sa at forklaringa var OK, men spurte vidare om ein endra plan må på ny høyring. Her svara kommunedirektør Fjellhaug at vesentlege endringar krev ny høyring, men er usikker på kor grensa går. Fjellhaug ba vidare om ei tydelegare bestilling kring denne arbeidsgruppa, og om det skal vera politiske medlemmer eller ei administrativ gruppe.

Per Lerøy (Ap) sa at det gjerne kan vera ei administrativ gruppe. Lerøy sa vidare at det ikkje hjelper å invitera til utvikling, om ein samstundes seier at det er eit press på strandsone og sjøareal, utan at det er eit slikt press.

Det vart røysta over utsetjingsframlegget, samrøystes for å utsetja handsaminga av planen

Det var gruppeleiar møte for å diskutera samansettinga av ei arbeidsgruppe som skal jobba med formuleringane i planen.

Monika Thorpe (Ap) sa at det er semje mellom gruppeleiarane om at det skal vera ei politisk nedsett gruppe, og det skal vera arealplanutvalet.

Per Lerøy ba om at arealplanutvalet vart innkalla så raskt som mogleg, det vart sams vedteke

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak, med presisering om at det er arealplanutvalet som skal få oppgåva med å sjå på formuleringane i planen.

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 81/2024 Godkjenning av Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024-2032:

Saka vert utsett og kommunestyret ber arealplanutvalet om å omarbeida framlegget til Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune 2024 – 2032, til ein plan som er i tråd med kommunen sin visjon og sine hovudmål.

Vår visjon er: Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og aktive bygder.

Hovudmåla er:

Austrheim skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.

Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.

Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

PS 82/2024 Godkjenning av Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Planstrategi for Austrheim kommune 2024–2027**. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.

Handsaming i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 60/2024 Godkjenning av Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 60/2024 Godkjenning av Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret: Austrheim kommune godkjenner **Planstrategi for Austrheim kommune 2024–2027**. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 82/2024 Godkjenning av Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) la fram tillegg til vedtak, på vegner av Ap, H og INP:

- Kommunedelplan Fønnes – Litlås: Oppdatering i 2025 med vekt på å endra kriteria for næringsetableringar i Mongstad-krysset.
- Kommunedelplan Trafikksikring: Oppdatering i 2024 med bakgrunn i større trafikk gjennom kommunen etter oppgraderinga av FV-565 over Radøy. Dette har endra risikobildet i trafikken.
- Bustadsosial handlingsplan: Oppdatering i 2024/2025 med bakgrunn i trongen for fleire bustadar med livsløpsstandard og planar om å byggja nytt helse- og omsorgstun.

Lerøy presiserte at ein ikkje ønskjer nye planar, men oppdateringar av eksisterande handlingsplanar.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det vil krevja ein del arbeid å ta fatt i fleire planar. Ei løysing kan vera ein næringspolitisk handlingsplan som vil dekkja dette med næringsetableringar, og dette med bustadsosial handlingsplan kan inngå i samfunnsplanen.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det ikkje er mogleg å gje dispensasjon, heller enn å endra planane.

Kommunedirektør Fjellhaug spurte om endringane kan gjerast som justeringar, og sa at ein kan ta det med som tillegg til planstrategien, og dekkja det inn i anna planarbeid, som bustadsosial handlingsplan inn i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak, med tillegg om at dei tilleggga som var fremja av Ap, H og INP må takast med vidare i planarbeidet.

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 82/2024 Godkjenning av Planstrategi 2024-2027 for Austrheim kommune:

Austrheim kommune godkjenner Planstrategi for Austrheim kommune 2024–2027.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.

Desse tilleggga skal takast med i det vidare planarbeidet:

- Kommunedelplan Fønnes – Litlås: Oppdatering i 2025 med vekt på å endra kriteria for næringsetableringar i Mongstad-krysset.

- Kommunedelplan Trafikksikring: Oppdatering i 2024 med bakgrunn i større trafikk gjennom kommunen etter oppgraderinga av FV-565 over Radøy. Dette har endra risikobildet i trafikken.
- Bustadsosial handlingsplan: Oppdatering i 2024/2025 med bakgrunn i trongen for fleire bustadar med livsløpsstandard og planar om å byggja nytt helse- og omsorgstun.

PS 83/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie to alternative løysingar for realisering av nye sjukeheims plassar og omsorgsbustader med heildøgns bemanning, samt samlokalisering av tenester som ein ser mest nytte av å lokalisere i same bygg.

Alternative løysingar:

- a.Nybygg der alle tenester vert samla på eigna tomt
 - b.Rehabilitering av eksisterande bygg og nybygg ved - Nordliheimen
- 2.Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre eit forprosjekt, med mål om å utgreie dei to alternative løysingane og konkretisere;
 - a.Arealbehov, utforming og detaljprosjektering
 - b.Tomt og plassering av bygg
 - c.Økonomiske konsekvensar når det gjeld investering og drift
 - d.Konsekvensar for VA og anna infrastruktur knytt til plassering av bygg
 - 3.Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram rapport frå forprosjektet med moglege løysingar og kalkyle innan utgangen av juni 2025

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 83/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

Per Lerøy sa at levekårsutvalet er tett på denne saka no, og er involvert slik utvalet skal vera.

Monika Thorpe (Ap) sa at dette med eit nytt helse- og omsorgstun vert veldig spennande, men ba om ei fortløpande oppdatering undervegs om korleis kostnadene er til konsulentbruk i samband med dette prosjektet, og kvar ein tar midlane frå. Ba også om at brukargruppene vart involverte så tidleg som råd er.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at det er sett av ein million årleg i handlingsplanen, som skal dekke desse kostnadene. No er det eit forprosjekt, brukargruppene skal involverast når det skal takast ei avgjerd om prosjektet skal realiserast eller ikkje. Sommaren 2025 vil ein sjå om dette er noko som skal realiserast eller ikkje.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet og levekårsutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 83/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie to alternative løysingar for realisering av nye sjukeheims plassar og omsorgsbustader med heildøgns bemanning, samt samlokalisering av tenester som ein ser mest nytte av å lokalisere i same bygg.

Alternative løysingar:

a. Nybygg der alle tenester vert samla på eigna tomt

b. Rehabilitering av eksisterande bygg og nybygg ved - Nordliheimen

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre eit forprosjekt, med mål om å utgreie dei to alternative løysingane og konkretisere;

a. Arealbehov, utforming og detaljprosjektering

b. Tomt og plassering av bygg

c. Økonomiske konsekvensar når det gjeld investering og drift

d. Konsekvensar for VA og anna infrastruktur knytt til plassering av bygg

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram rapport frå forprosjektet med moglege løysingar og kalkyle innan utgangen av juni 2025

PS 84/2024 Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet - andre handsamingsrunde

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune går ikkje i gang med bustadbygging i kommunal regi som svar på innbyggjarundersøkinga, men avventar og ser kva som kjem i gang av dei ulike private prosjekta.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 84/2024 Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet - andre handsamingsrunde:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at framlegget til vedtak er for passivt sett opp mot det som er sagt frå administrasjonen. Rosenlund sa at det kan leggjast til, jamfør det som er sendt ut til innbyggjarane som har meldt interesse, sjå teksten i brevet til dei som melde seg: "Kommunen jobbar vidare med å få til eit samarbeid med private verksemder, burettslag og ideelle organisasjonar, om utbygging av bustader med livsløpsstandard. Kommunen kan om det er ønskjeleg stilla kommunale tomtar til disposisjon til slike prosjekt."

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg der ein viser til informasjonen som er sendt ut.

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 84/2024 Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet - andre handsamingsrunde:

Austrheim kommune går ikkje i gang med bustadbygging i kommunal regi som svar på innbyggjarundersøkinga, men avventar og ser kva som kjem i gang av dei ulike private prosjekta. Viser til informasjon som er sendt ut til dei som melde interesse for bustader med livsløpsstandard, bygd ut i kommunal regi: "Kommunen jobbar vidare med å få til eit samarbeid med private verksemder, burettslag og ideelle organisasjonar, om utbygging av bustader med livsløpsstandard. Kommunen kan om det er ønskjeleg stilla kommunale tomtar til disposisjon til slike prosjekt."

PS 85/2024 Alkoholpolitisk plan 2024-2028 - etter høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2024-2028 vert vedteke slik den ligg ved.

Handsaming i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 71/2024 Alkoholpolitisk plan 2024-2028 - etter høyring:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 71/2024 Alkoholpolitisk plan 2024-2028 - etter høyring:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2024-2028 vert vedteke slik den ligg ved.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 85/2024 Alkoholpolitisk plan 2024-2028 - etter høyring:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 85/2024 Alkoholpolitisk plan 2024-2028 - etter høyring:

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2024-2028 vert vedteke slik den ligg ved.

PS 86/2024 Oppdatering og revidering av politisk delegeringsreglement for Austrheim kommune 2024-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommunestyre vedtek Delegeringsreglementet for Austrheim kommune 2024-2027 slik det ligg føre og vedlagt saka.
2. Austrheim kommune nyttar Kommuneforlaget si elektroniske løysing for publisering
3. Austrheim kommunestyre tek kommunedirektøren sitt reglement for administrativ subdelegering vedlagt saka til vitende.

Handsaming i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 73/2024 Oppdatering og revidering av politisk delegeringsreglement for Austrheim kommune 2024-2027:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 73/2024 Oppdatering og revidering av politisk delegeringsreglement for Austrheim kommune 2024-2027:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Austrheim kommunestyre vedtek Delegeringsreglementet for Austrheim kommune 2024-2027 slik det ligg føre og vedlagt saka.
2. Austrheim kommune nyttar Kommuneforlaget si elektroniske løysing for publisering.
3. Austrheim kommunestyre tek kommunedirektøren sitt reglement for administrativ subdelegering vedlagt saka til vitende.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 86/2024 Oppdatering og revidering av politisk delegeringsreglement for Austrheim kommune 2024-2027:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 86/2024 Oppdatering og revidering av politisk delegeringsreglement for Austrheim kommune 2024-2027:

1. Austrheim kommunestyre vedtek Delegeringsreglementet for Austrheim kommune 2024-2027 slik det ligg føre og vedlagt saka.
2. Austrheim kommune nyttar Kommuneforlaget si elektroniske løysing for publisering.
3. Austrheim kommunestyre tek kommunedirektøren sitt reglement for administrativ subdelegering vedlagt saka til vitende.

PS 87/2024 Val av valstyre - stortings- og sametingsvalet 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Valstyret for stortings- og sametingsvalet i 2025 er tilsvarande formannskapet: slik som dette: Leiar i valstyret er Morten Sognnes, nestleiar er Per Lerøy, medlemmer er Hege Ramsland, Ann Kristin Leirvåg og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn.

Valstyret har same varalister som formannskapet.

Handsaming i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 72/2024 Val av valstyre - stortings- og sametingsvalet 2025:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 12.09.2024 av sak 72/2024 Val av valstyre - stortings- og sametingsvalet 2025:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Valstyret for stortings- og sametingsvalet i 2025 er tilsvarande formannskapet: slik som dette: Leiar i valstyret er Morten Sognnes, nestleiar er Per Lerøy, medlemmer er Hege Ramsland, Ann Kristin Leirvåg og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn.

Valstyret har same varalister som formannskapet.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 87/2024 Val av valstyre - stortings- og sametingsvalet 2025:

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 87/2024 Val av valstyre - stortings- og sametingsvalet 2025:

Valstyret for stortings- og sametingsvalet i 2025 er tilsvarande formannskapet: slik som dette: Leiar i valstyret er Morten Sognnes, nestleiar er Per Lerøy, medlemmer er Hege Ramsland, Ann Kristin Leirvåg og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn.

Valstyret har same varalister som formannskapet.

PS 88/2024 Austrheim kontrollutval si årsmelding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2023.

Handsaming i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 88/2024 Austrheim kontrollutval si årsmelding:

Leiar i kontrollutvalet, Jan Erik Espelid, orienterte om årsmeldinga for 2023, og kontrollutvalet sitt arbeid elles.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 26.09.2024 av sak 88/2024 Austrheim kontrollutval si årsmelding:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2023.

RS 41/2024 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) -
Møteprotokoll 04.09.24

RS 42/2024 Levekårsutvalet 26. august 2024 - møteprotokoll

RS 43/2024 Referat Strategisk samarbeidsutvalg i helsefellesskapet -
31. mai 2024

RS 44/2024 Høyringsuttale - «Forslag til nye statlige planretningslinjer
for arealbruk og mobilitet»

RS 45/2024 Referat Områdeutvalet for Nordhordland (OUNH) i
helsefellesskapet - fredag 19. april 2024

RS 46/2024 Protokoll 4-2024 Regionrådet Nordhordland fredag 31.
mai 2024